



Leikanger kommune

# VEDLEGG 1: KONSEKVENSGREIING OG ROS-ANALYSE

---

Kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2026  
Vedteken 25. april 2019

Dato: 21.06.2019  
Versjon: 03



## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Leikanger kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Vedlegg 1:
<b>Oppdragsnamn:</b>	Arealdelen i kommuneplanen 2016 - 2026
<b>Oppdragsnummer:</b>	613432-01
<b>Skriven av:</b>	Hilde Ruud og Diana Ekren Grundt
<b>Oppdragsleiar:</b>	Karl Erik Johnsen
<b>Tilgang:</b>	Åpen

## Bidragstatarar

Orientering om bidragstatarar mv er teke med i planomtala.

03	21.06.2019	Vedteken i kommunestyret 25. april 2019	HR	KAV
02	22.06.18	Høyringsframlegg	HR	KAV
01	29.05.18	Til kommunal handsaming (7.juni og 21. juni 2018)	HR /DEG	KAV /BKR
<b>VERSJON</b>	<b>DATO</b>	<b>SKRILDRING</b>	<b>SKRIVEN AV</b>	<b>KS</b>

# Innhald

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>2. GRUNNLAGET FOR KONSEKVENSGREIINGA.....</b>	<b>3</b>
2.1. Metode.....	3
2.2. Skjema for konsekvensutgreiing .....	4
2.3. Tema for miljø- og naturressursar, vurderingskriterier .....	5
2.3.1. Jord- og skogbruk .....	5
2.3.2. Biologisk mangfald .....	6
2.3.3. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap .....	6
2.3.4. Strandsone og vassdrag .....	6
2.3.5. Støy, forureining samt ureining av jord og vatn.....	7
2.3.6. Landskapsbilete og grøntstruktur .....	7
2.4. Samfunnsrelaterte tema, vurderingskriterier .....	8
2.4.1. Samfunnstryggleik.....	8
2.4.2. Trafikkgenerering og samordna arealbruk.....	8
2.4.3. Friluftsliv.....	8
2.4.4. Teknisk infrastruktur .....	9
2.4.5. Bukvalitet .....	9
<b>3. GRUNNLAGET FOR ROS-ANALYSEN .....</b>	<b>10</b>
3.1. Metode.....	10
3.2. Føremål .....	11
3.3. Klimatilpassing, havnivåstiging og bølgepåverknad .....	11
3.4. Fareutsette område .....	12
3.5. Kommunal beredskapsplan for vassforsyning .....	12
3.6. Sjekkliste for ROS-analysen .....	13
<b>4. KONSEKVENSGREIINGAR OG ROS-ANALYSE .....</b>	<b>15</b>
4.1. Fatlaviki .....	15
4.2. Stadheimgarden 81 (B07) .....	20
4.3. Gjertrudbakken (B12).....	24
4.4. Røysavegen 5 (BS12) .....	28
4.5. Lahella (B29).....	32
4.6. Krosshaug (B33) .....	37
4.7. Røysavegen 25 (B35).....	41
4.8. Røysavegen nord (B37) .....	45
4.9. Ådnegarden vest (B46).....	49
4.10. Nybø 14 (B50) .....	53
4.11. Henjavegen (B52).....	57
4.12. Henjabakkane (B55) .....	61
4.13. Strandavegen 8 (B67).....	67
4.14. Hanahaug (B75).....	71
4.15. Vetten (BFT04).....	76
4.16. Verkaneset (BRU02) .....	80
<b>5. SAMLA VURDERING FOR KVART UTGREIINGSTEMA.....</b>	<b>84</b>
<b>6. ØKONOMISKE KONSEKVENSGAR FOR LEIKANGER KOMMUNE.....</b>	<b>86</b>
<b>7. REFERANSAR /KJELDER .....</b>	<b>87</b>

## 1. INNLEIING

Kapittel 4 i Plan- og bygningslova (PBL) tek for seg generelle krav til utgreiingar som skal gjerast i samband med planlegging. I § 4-2, andre ledd, blir det slått fast at kommuneplanar med retningsliner eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring – *ei konsekvensutgreiing* – som viser planen sin verknad for miljø og samfunn. I dette vedlegget går vi gjennom verknaden av endra arealbruk på einskilde konkrete og meir avgrensa område.

I tillegg til konsekvensutgreiing skal utbyggingsareal sjekkast mot ulike farar og sårbare tilhøve, PBL § 4-3, også kalla risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Fastsett planprogram for arealdelen i kommuneplanen 2016 – 2026 peikar på konkrete føringar frå samfunnsdelen, m.a. at ROS- analysen aktivt skal nyttast i arbeidet til kommunen, og at kommunen skal vera godt førebudd på klimaendringar.

Metodikken vi brukar for å vise konsekvensar, fare og sårbare tilhøve er følgjande: Eit kartutsnitt av tiltaket blir vist i første del, vidare er det eit skjema med ei opplisting av korleis tiltaket er vurdert i høve til ulike tema knytt til miljø, naturressursar og samfunn. Tema som til dømes fiskeri og havbruk er ikkje vurdert då det ikkje er ei aktuell problemstilling i foreslått kommuneplan. Vidare er det eit skjema for ROS-relaterte tema. Eit samandrag frå denne er lagt inn i utgreiinga for skjema miljø, naturressursar og samfunn.

For vurdering av tema nyttar vi synfaring, kart og ulike databasar /-kjelder. Det er laga ein oversikt over kjelder som ligg til grunn for vurderingane.

## 2. GRUNNLAGET FOR KONSEKVENSGREIINGA

### 2.1. Metode

Nye utbyggingsområde eller område som får anna arealbruk enn i gjeldande plan, blir vurderte etter følgjende skala:

- + positive (konsekvensar)
- 0 nøytral (ingen vesentlege konsekvensar)
- negative (konsekvensar)

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd med utgangspunkt i rettleiaren frå miljøverndepartementet (T-1493). Dei einskilde tema som vert utgreidd, blir vurderte mot ei rekkje kriterium / konsekvensar. Desse er lista opp nedanfor i skjema. Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk. Nokre tema veg tyngre enn andre.

Dersom konsekvensar for nokre tema er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel, uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd. Då vil dei negative konsekvensane ikkje vegast opp av andre positive konsekvensar, eller minimerast gjennom avbøtande tiltak. Verdien 0 er brukt der tiltaket er vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Nedst i skjemaet finst ein samla vurdering av tiltaket /framlegg til omdisponering.

I kap. 5 er det laga ei samla vurdering for kvart utgreiingstema og kap. 6 seier noko om dei økonomiske konsekvensane for Leikanger kommune.



## 2.2. Skjema for konsekvensutgreiing

### 'Områdenamn'

Gid (grunnidentifikasjon):

Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk:

Føremål i dag: (vist med fargekode)	Føremål i framtid: (vist med fargekode)
(utsnitt av gjeldande og ny kommuneplan)	
Storleik: Forslagsstillar: Skildring av området:	

### Konsekvensutgreiing for delområde 'områdenamn':

Tema	Vurdering	Konsekvens
<b>Miljø- og naturressursar</b>		
Jord- og skogbruk		
Biologisk mangfald		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap		
Strandsone og vassdrag		
Støy, forureining samt ureining av jord og vatn		
Landskapsbilete og grøntstruktur		
<b>Samfunn</b>		
Samfunnstryggleik		
Trafikkgenerering og samordna arealbruk		
Friluftsliv		
Teknisk infrastruktur		
Bukvalitet		
<b>Samla vurdering /konklusjon</b>		<b>Samla konsekvens</b>

## 2.3. Tema for miljø- og naturressursar, vurderingskriterier

### 2.3.1. Jord- og skogbruk


I jordvernstrategien for Sogn og Fjordane (januar 2010) vert det lagt vekt på at ein skal sikre etterkomarane våre høve til å dyrka eigen mat på eiga jord. Føremålet med denne strategien er å vera retningsgjevande for Fylkesmannen sitt arbeid med å sikra landbruket sine arealressursar. Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre føremål. Figur under viser Leikanger kommune sine prioriterte produksjonsområder, landbruk, oversikten vart utarbeidd i arbeidet med kommunedelplan for Leikanger 2008-2016.

Dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal og transportplanlegging (RPR-atp) har likevel retningslinjer for avveging mellom verne- og bruksinteresser i arealplanlegginga. Retningslinene legg vekt på at det er naudsynt å ta vare på god matjord, men at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Utbyggingsomsyn kan tilleggast større vekt enn vern innanfor gangavstand frå knutepunkt under føresetnad at det er planlagt konsentrert utbygging. Jordvernet må difor sjåast i ein heilskapleg samanheng der nasjonale mål knytt til utbygging, transportsystem, grønstruktur, friluftsinteresser, biologisk mangfald og kulturminnevern vert vurdert samla.

Skal ein ta spesielt omsyn til skog, må det vere eit plantefelt på det aktuelle arealet. Elles vil skogsmark i dei fleste høve vike for andre føremål. Det er viktig at tilkomst til skogsmark vert sikra ved ei eventuell omdisponering.

Ei omdisponering av areal innanfor kategori «fulldyrka jord, lettbrukt» og «skog, særst høg og høg bonitet» i høve Markslag frå Skog og landskap/gårdskart, er vurdert negativt. Omdisponering av areal innanfor kategoriane «fulldyrka jord, mindre lettbrukt/tungbrukt og overflatedyrka jord eller innmarksbeite» og «Skog middels bonitet, låg bonitet og anna skog» er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane.

*KJELDER:* Jordvernstrategi i Sogn og Fjordane, 2010, FM i Sogn og Fjordane, jordvern ([www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordvern](http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordvern)), temakart for jord- og skogbruk/gårdskart (Skog og landskap), kjerneområde landbruk (kommunedelplan Leikanger vedlegg 2, 2008-2016) og synfaring.



Figur 1: Utsnitt viser produksjonsområde landbruk, registrert for kommunedelplan Leikanger 2008-2016.

### 2.3.2. Biologisk mangfald

Naturmangfaldlovas føremål omhandlar berekraftig bruk og vern av naturen. Biologisk mangfald skal sikrast og takast i vare for komande generasjonar, og naturen skal forvaltast slik at planter og dyr blir sikra i levedyktige bestandar. Paragraf 7 i lova viser til ulike retningslinjer som skal leggest til grunn ved utøving av offentleg mynde: Kunnskapsgrunnlag (§8), føre – var – prinsippet (§9), økosystemtilnærming og samla belastning (§10), kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§12).

Når det blir gjort vedtak som har konsekvensar for naturmangfaldet, skal det konkret nemnast kva vekt dei ulike vurderingskriteria har hatt for konklusjonen (§7).

Kunnskapsgrunnlaget består i hovudsak av tidlegare registreringar av naturtypar og artar frå Miljødirektoratet (MDir) sine kart i Naturbasen og Artsdatabankens kart i Artskart. I einskilde område, som til dømes Henjabakkane, er det henta inn kunnskap gjennom nye registreringar i felt av område som er særskild viktig for naturmangfald; lokalitetar av viktige naturtypar. Kartlegginga og verdisettinga av disse naturtypelokalitetane er basert på anerkjend, nasjonal metodikk, og inndelinga i naturtypar følgjer DN-handbok 13, med reviderte fakta-ark frå Miljødirektoratet (2014).

I andre område, der det ikkje er utført nye registreringar og kunnskapsgrunnlaget er vurdert som svakt, vert ny kunnskapsinnhenting tilrådd før utbygging kan tillatast. Andre samfunnsomsyn, til dømes bygging av infrastruktur, kan vege tyngre enn omsynet til naturmangfaldet (§14).

Ei omdisponering av areal som kjem i konflikt med naturmangfaldet er vurdert negativt. Der omdisponering er mogeleg etter avbøtande tiltak, er det sett krav om dette i føresegnene.

*KJELDER: Temakart for inngrepsfrie område (INON), naturbasen.no (verneområder, viktige naturtyper) og artskart (arter) er lagt til grunn for vurderingane for nye utbyggingsområde.*

### 2.3.3. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs i kommunen. Kulturminnelova § 1 slår fast at kulturminne og kulturmiljø med sin eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt, regionalt og lokalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Ei omdisponering av areal som er i konflikt med prioritert kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er vurdert negativt. Der omdisponering er mogeleg etter avbøtande tiltak, er det sett krav om dette i føresegnene.

*KJELDER: Temakart for freda kulturminne (Riksantikvaren), temakart for nyare tids kulturminne – SEFRAK-registeret, temakart for kulturlandskap (Miljødirektoratet), prioriterte kulturminne og kulturmiljø i kommunen og synfaring er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 2.3.4. Strandsone og vassdrag

Områda i og i tilknytning til strandsona har i alle tider vore viktige for folk busett ved fjordane og kysten – både med tanke på mat og næring. Naust, bryggjer, busetjing og næringsbygg har historisk vorte reiste der det har vore mest praktisk. I dag står strandsona fram som ein avgrensa og ikkje – fornybar ressurs. Arealbruken konkurrerer mellom utbyggingsføremål, naturområde, friluftinteressar, verneområde, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Det er ei rekke lover som set rammer for disponeringa av strand- /kystsona. Dei viktigaste er Plan- og bygningslova, Naturmangfaldlova og Kulturminnelova. Ny, statleg retningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (kgl.res. av 25. mars 2011) held fast ved at bygging skal vurderast i høve til allmenne interessar som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Ein skal ivareta allmenne interessar og vere kritisk til bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i PBL.

Ei omdisponering av areal som har konsekvens for vassdrag eller allmenne interesser som natur- og kulturmiljø og landskap, er vurdert negativt. Nye naust /småbåthamnar /småbåtanlegg som er ei fortetting eller utviding av eksisterande bruk, er vurdert positivt, men med krav om at det skal leggest til rette for fri ferdsel i strandsona. Bygging i strandsona vil bli vurdert i einskilde utvalde område.

*KJELDER: Temakart for kulturminne (Riksantikvaren), temakart for friluftsområde (fylkesatlas), temakart for verneområde (MDIR), temakart for naturtypar (MDIR), temakart for kulturlandskap (MDIR), er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 2.3.5. Støy, forureining samt ureining av jord og vatn

I Handlingsplan mot støy 2007-2011 blir det peika på at det er svært viktig å legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som hindrar støyproblem. Førebygging gjennom rett arealbruk er truleg det mest kostnadseffektive tiltaket i høve støy. Miljøverndepartementet fastsette i 2005 ei ny retningsline for handsaming av støy i arealplanlegginga som skal leggest til grunn ved planlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningsloven (T-1442/2016). Ved utarbeiding av støykart vert område rundt ei støykjelde vurdert som gul eller raud (og eventuelt grønt). I raud sone skal busetnad med støyfølsamt bruksføremål unngåas. Gul sone er ei vurderingssone der ny busetnad kan førast opp dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold. Grøn sone er stille sone. Trafikkmengde vil påverke grad av forureining. I denne utgreinga meiner ein i hovudsak svevestøv frå trafikk når det er snakk om forureining.

Tiltak skal sjekkast opp mot <http://www.miljostatus.no> for forureining av jord og vatn.

Forslag til omdisponering som heilt klart ikkje kan få akseptable miljøforhold (nært støykjelder og forureina område (i hovudsak svevestøv frå trafikk)) på grunn av eksisterande belastning, er i utgangspunktet vurdert negativt. Tiltak som vert etablert på områder med forureining vert vurdert negativt. Utbyggingsforslag som i seg sjølv utløyser vesentleg auka støy eller anna forureining nær støyømfintlege areal og sårbare omgjevnader er vurdert negativt.

Det er sett krav om at tiltak nær støyømfintlege areal skal tilfredsstillende retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2016.

*KJELDER: For støy er det nytta temakart 'Støyvarselkart Leikanger A0' utarbeidd av Statens vegvesen 2011. Det er nytta lokal kunnskap og synfaring som supplement i utgreinga. Rettleiar til retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016). <http://www.miljostatus.no> er nytta som grunnlag for potensiell forureina grunn og vatn. Data for trakkemengde er søkt på Statens vegvesen si side, [vegkart.no](http://vegkart.no) – trafikkmengde gir eit indirekte mål på støy og forureining (i hovudsak svevestøv).*

### 2.3.6. Landskapsbilete og grøntstruktur

I 2004 ratifiserte Noreg Den europeiske landskapskonvensjonen. Føremålet med landskapskonvensjonen er å fremme vern av landskap gjennom forvaltning og planlegging. I konvensjonen er landskap eit overordna omgrep. Under tema landskapsbilete og grøntstruktur har vi i denne utgreinga lagt vekt på landformer /terrengform, landskapsoppleving, bevaringsverdige bygningsmiljø i samspel med naturlandskap, markerte natur- og landskapselement, utsiktspunkt og viktige landemerke, vatn, samanhengande grøntdrag, tre /trekker.

Forslag til ombygging som heilt klart ikkje kan få akseptabel landskapstilpassing eller omdisponering som har konsekvens for landskap er i utgangspunktet vurdert negativt. Dersom samla belastning er moderat og/eller kompensierende tiltak kan setjast inn, kan dette tale positivt for omdisponering.

*KJELDER: NIBIO Nasjonalt referansesystem for landskap (Skog og landskap), Naturbasen, konkret synfaring og topografiske kart.*

## 2.4. Samfunnsrelaterte tema, vurderingskriterier

### 2.4.1. Samfunnstryggleik

Planlegginga har som mål å utforme trygge og robuste lokalsamfunn. Det er kommunen sitt ansvar at nye tiltak ikkje blir plassert slik at menneske eller materielle verdiar blir utsett for fare, difor er det viktig at ein ikkje tillet utbygging i område som er kjend for uynskte naturhendingar, eller kan vere utsett for slike uynskte hendinga som skred, flaum eller andre naturskapte risikotilhøve. Det er også viktig at nye tiltak ikkje fører til fare.

Konsekvensutgreiinga som følgjer vil ta for seg dei tema som er kartfesta. Det må gjerast nærare undersøkingar der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko.

Forslag til omdisponering til utbyggingsområde i eit område med stor risiko for menneskeskapte eller naturbaserte farar som til dømes skred, flaum, stormflo, stråling og eksplosivar, er vurdert negativt. Der omdisponering er muleg etter avbøtande tiltak, er det sett krav om dette i føresegnene.

*KJELDE: Aktsemdskart frå NVE/NVE Atlas og NGI som viser potensielle område utsatt for skred og flaum og kvikkleire (atlas.nve.no v/NVE), rapport frå DSB om Havnivåstigning og stormflo (2016).).*

### 2.4.2. Trafikkgenerering og samordna arealbruk

Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane og rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging har som mål å føre ein konsentrert arealbrukspolitikk som gir korte avstandar i høve til daglege gjeremål som skule, barnehage, butikk, arbeidsplass og idrettsarena og slik minske behov for transport. Det skal leggest vekt på auka konsentrasjon av utbygging i tettstadsområde.

Omdisponering til utbyggingsområde som følgjer nasjonale, regionale og lokale retningsliner er vurdert positivt, som til dømes nye bustader i nærleik til eksisterande og planlagde sentrumsfunksjonar.

*KJELDE: Data for trakkemengde er søkt på Statens vegvesen si side, vegkart.no og kart.finn.no for å måle avstandar er lagt til grunn for vurderingane.*

### 2.4.3. Friluftsliv

I stortingsmelding nr. 26 «Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand» er det framheva at område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting blir fremja og naturgrunlaget bevart.

Ny, statleg retningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen held fast ved at bygging skal vurderast i forhold til allmenne interesser som blant anna friluftsliv.

Bruken av eit område til friluftsføremål er med å avgjere attraktiviteten til området. Dersom området er mindre brukt til friluftsliv, er verdien liten. Mykje bruk gjev større verdi.

Forslag til omdisponering som vil vere uheldige for dei allmenne interessene for utøving av friluftsliv, er vurdert negativt.

*KJELDER: Temakart for friluftsliv (Fylkesatlas for Sogn og Fjordane) er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde. Det er også nytta lokal kunnskap og synfaring som supplement i utgreiinga.*

#### 2.4.4. Teknisk infrastruktur

Det finst eit omfattande kommunalt vegnett og vass- og avlaupsnett (v/a-nett) i kommunen. Det er ei målsetting å nytte eksisterande investeringar mest mogeleg effektivt ved nybygging. Kort avstand til offentleg eller privat veg vil gi mindre terrenginngrep. Kort avstand til vassverk inneber også eit tryggleiksmoment ved betre tilgang til sløkkjevattn ved brann.

Vurderingane er basert på kommunen sine leidningskart i dei aktuelle områda, og dimensjonen på vassleidningane. Det er ikkje teke omsyn til trykksoner eller om det er tilstrekkeleg forsyning med tanke på framtidig utbygging. Ved vurdering av tilgang til sløkkjevattn ved brann, ser ein på tilgang til brannkummer. Når det ikkje er brannkum i nærleiken, skal tankbil dekkje behovet for sløkkevatn. På grunn av tryggleik for menneske og dyr skal bygningar for varig opphald og husdyr ha betre tilgang til sløkkevatn enn andre bygningar.

Omdisponering til føremål som krev veg og v/a-nett, blir vurdert som positivt dersom det er nærleik til eksisterande offentleg infrastruktur.

*KJELDE: Leikanger kommune sin oversikt over veg og v/a- nett er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

#### 2.4.5. Bukvalitet

Under bukvalitet høyrer følgjande undertema til; barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet.

Barn og unge (b&u): Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegginga seier mellom anna at

- a) areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare og
- b) i nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø.

I tillegg skal utgreiinga seie noko om verknadene for barn og unge sine oppvekstvilkår og tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett.

Universell utforming: Universell utforming (uu) er i Plan- og bygningslova løfta fram som ein viktig føresetnad for all planlegging. Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttast av alle, i så stor grad som mogleg, utan behov for tilpassing og særskild utforming.

Folkehelse: Temaet handlar om helsetilstand og korleis helsa fordelar seg i befolkninga. Folkehelsearbeid handlar om å leggje til rette for og fremje folk si helse og trivsel, og redusere faktorar som medfører ein negativ påverknad ( jf. Folkehelselova § 3).

Attraktivitet: Her legg ein vekt på tilhøve som trivsel, lokalklima, soltilhøve og utsikt. Faktorar som styrkjer trivsel er mellom anna tilgang til leikeområde, tur- og rekreasjonsområde, og til sosiale møteplassar.

Ved vurdering av konsekvensar for barn og unge er det lagt særskilt vekt på trafikktryggleik, og spesielt tilgang til samanhengande gang- og sykkelveg til sentrale sørvisfunksjonar (skule, barnehage, forretning etc.) og tilgang til uteområde i nærleiken.

Forslag til utbyggingsområde er vurdert ut frå eit skjøn med tanke på tilhøve for barn og unge, universell utforming, folkehelse, i tillegg til attraktivitet (trivsel, lokalklima, sol - tilhøve og utsikt). Område som inneheld slike kvalitetar, er vurdert positivt. Område som inneheld negative konsekvensar for barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet, er vurdert negativt.

*KJELDE: Konkret synfaring og topografiske kart.*



### 3. GRUNNLAGET FOR ROS-ANALYSEN

#### 3.1. Metode

Risikoanalysen som er lagt til grunn, er gjort i samarbeid med kommunen.

Analysen bygger på NS 5814/ «krav til risikovurderinger».

Samfunnstryggleiken er vurdert for dei ulike delområda det er søkt arealbruksendring for, og potensielle farar er avdekka.

#### Utgangspunkt for vurdering av risikonivå:

Nivå:		Forklaring
	Uakseptabel risiko	Sannsynet for at hendinga kan oppstå er så høg og konsekvensane ved at den oppstår så store at det må gjerast førebyggjande tiltak og/eller beredskapstiltak for å redusere sannsynet og konsekvensane.
	Tolerabel risiko	Det må gjerast tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogeleg. Det kan vere nyttig å leggje ein kost- nytteanalyse til grunn for vurderingane av ytterlegare risikoavbøtande tiltak. Hendingar i gul sone krev at ein har beredskapssystem som kan handtere ei uynskt hending.
	Akseptabel risiko	Risikoen er frå eit samfunnssikkerheitsperspektiv vurdert som akseptabel. Det betyr at handtering av denne risikoen kan ivaretaast av ordinære rutinar, ved tilsyn, lover og forskrifter. Ytterlegare risikoavbøtande tiltak av vesentleg karakter kan gjennomførast når det er mogeleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

#### Akseptkriterier:

Risikomatrissa sine fargekodar syner kva som vert vurdert som «uakseptabel» risiko, «tolerabel» risiko og «akseptabel» risiko.

Ei hending i raud sone inneber ein risiko som forpliktar kommunen til å gjennomføre tiltak til å førebyggje risiko og/eller setje i gang beredskapsarbeid for å redusere skadeomfanget.

Ved ei hending i gul sone forpliktar kommunen seg til å gjennomføre tiltak for å redusere risikoen så mykje som mogeleg.

Ved hendingar i grøn sone skal risikoavbøtande tiltak gjennomførast dersom det er ynskjeleg etter ei vurdering av økonomiske og praktiske tilhøve.

#### Risikomatriser:

##### Liv og helse:

Konsekvens:	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn:					
Svært liten					
Liten					
Middels					
Stor					
Svært stor					

**Miljø:**

Konsekvens:	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn:					
Svært liten					
Liten					
Middels					
Stor					
Svært stor					

Analysen er her gjennomført i samband med rulleringa av kommuneplanens arealdel. ROS- analysen er tilpassa kommuneplannivået og er ei overordna og grovmaska analyse, og som syner i hovudsak potensielle farar/fareområde. Analysen har då lågare detaljeringsnivå enn ei ROS- analyse på detaljplannivå. Ved utarbeiding av søknad om tiltak/utbyggingsplanar/reguleringsplanar må ROS- analyser fange opp meir detaljert kunnskap enn denne analysen. Kommuneplanens arealdel fylgjer plan og bygningslova, og som del av planen fylgjer risiko- og sårbarheitsanalysen, etter pbl. § 4-3:

**«§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse**

*Ved utarbeiding av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarheitsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.»*

**3.2. Føremål**

Analysen har som mål å identifisere og førebyggje uynskte hendingar slik at tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur kan unngåast eller verte så små som mogeleg. 16 nye (innspelsområde) delområde i kommunen som vert søkt endring av arealbruk for er vurdert, og risikofaktorar som kan få betydning for arealbruken er synleggjort.

Vurderingane er gjort på grunnlag av kjend kunnskap, innspel til planarbeidet, og dei vanlegaste databasane er nytta for å innhenta kartlagt kunnskap. Skredrapportar frå 2017 er også nytta.

**3.3. Klimatilpassing, havnivåstiging og bølgepåverknad**

Omgrepet klimatilpassing handlar om at samfunnet vårt må tilpassast eit endra klima. Endringane kjem m.a. av menneskeskapte klimagassutslepp. Endringane har konsekvensar for samfunnet vårt, og aukar framtidig risiko. Mot slutten av hundreåret er det venta at klimaet vert varmare og at nedbørmengda aukar, noko som vil føra til større fare for ulike typar skredhendingar og større fare for flaum og erosjon. Klimaendringane kan også føre til auka skogbrannfare, då det er m.a sannsyn for at det kan oppstå lengre periodar med lita vassføring på vårparten/somrane.

Det er fleire årsaker til at havet stig, og konsekvensar er m.a. at havnivåstiging vil føre til at stormflo og bølger strekker seg lenger inn på land enn det som er vanleg i dag. Det betyr at område som ligg lågt og nært fjorden, vert liggjande meir utsett til i framtida. Stormflo kan m.a. hindre skipstrafikk å leggje til kai.

Vurderingane som er gjort i ROS- analysen byggjer på opplysningar frå rapporten *Havnivåstiging og stormflo*, publisert i 2016 av Direktoratet for samfunnstryggleik og stormflo, DSB. Rapporten frå DSB baserar seg igjen på rapporten «*Sea Level change for Norway- past and present observations and*

projections to 2100» frå 2015. Tala i rapportane er korrigerert for landheving, og syner forventa framtidig havnivåstigning og returnivå for stormflo. I tillegg må tala korrigerast for korleis kartgrunnlag kommunen brukar.

For Leikanger kommune er forventa havnivåstigning med klimapåslag 62 cm, og korreksjon for kartgrunnlag (NN2000) er 7 cm. Nøyaktigheita er ikkje på 1 cm nivå, og summen blir difor avrunda til næraste 10 cm.

For Leikanger synar klimaprofil følgande berekningar for stormflo og havnivåstigning:

Tabell 1: Tryggleiksklassar for byggverk i flaum- og stormfloutsett område, jfr. TEK 17. Tabellen gjer også tal på forventa stormflo og havnivåstigning.

Tryggleiksklasse i TEK 17	Størst nominelle årlege sannsyn	Returnivå stormflo (i cm over middelvatn)	Berekning av stormflo og havnivåstigning (avrunda til næraste 10 cm)
F1	20 års gjentaksintervall	139	194 cm, avrunda til 190 cm
F2	200- års gjentaksintervall	151	206 cm, avrunda til 210 cm
F3	1000 års gjentaksintervall	158	213 cm, avrunda til 210 cm.

Ifølgje DSB (2016) er berekning av stormflo og havnivåstigning for Leikanger kommune 190 cm for tryggleiksklasse F1, 210 cm for tryggleiksklasse F2 og 210 cm for tryggleiksklasse F3. Bølgjepåverknad er ikkje inkludert i desse tala, og det er difor viktig å inkludere oppdatert kunnskap om lokale vind- og bølgjetilhøve i områda.

For kommuneplanen vert det tilrådd å legge inn ei omsynssone for stormflo og havnivåstigning frå kote 0 til kote + 3 moh, då er også noko bølgjepåverknad inkludert. Men nøyaktig høgde/kote tilpassa type tiltak må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

### 3.4. Fareutsette område

ROS- analysen syner ulike område i kommunen som er vurdert som potensielle fareområde. Fareutsette område som kan vera aktuelle med tanke på ny busetnad, fortetting eller fornying er merka i kommuneplanens plankart som omsynssoner/faresoner. Til omsynssonene er det gjeve føresegner m.a. om at det skal vera tilstrekkeleg utgreidd og at eventuelle tryggleiksskapande tiltak skal vera gjort før arealet kan nyttast til ynskt tiltak. Krav til sikkerheit er heimla i plan og bygningslova § 28-1 og 29- 5, samt i kap. 7 i TEK 17.

Omsynssone for havnivåstigning med klimapåslag er utarbeidd i samsvar med tryggleikskrava i TEK17. Tiltak for å tilpasse arealbruk til endringar i klima skal følgjast opp gjennom arealføremål, føresegner og omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen.

Kartdatabaser som er nytta i arbeidet med ROS- vurderingane har fleire stader i kommunen påvist «aktsemdsområde». Aktsemdskarta viser potensielle fareområde, og faregraden er ikkje tal festa og gjev oss difor ikkje opplysningar om sannsynet eller gjentaksintervallet for den eller dei faretypene som kartet omhandlar. I ROS- analysen er aktsemdsområda sett til gult, og det vil i desse områda vera behov for nærare utgreiing før ein veit om området stettar tryggleiks krav og om aktuelt området kan omdisponerast.

### 3.5. Kommunal beredskapsplan for vassforsyning

Leikanger kommune har ein beredskapsplan for vassforsyning, som dekker ulike uynskte hendingar. Beredskapsplanen er dimensjonert på bakgrunn av ein eigen ROS-analyse for vassforsyning, og skal handtere situasjonar som t.d. stopp i vassforsyning eller forureining av reint drikkevatt.

I denne overordna ROS-analysen inkluderast ei vurdering av brannvasskapasitet. Det er i denne omgang ikkje utført berekningar på brannvasskapasitet, og kommunen har ikkje nettmodell. Likevel er det to høgdebasseng på distribusjonsnettet som bidreg som risikoreduserande tiltak for utilstrekkelig vasstrykk ved ein eventuell brann. *Den kommunale beredskapsplanen for vassforsyning omtalar risiko ved utilstrekkeleg brannvasskapasitet, samt beredskap knytt til dette.* I område der det ikkje er kommunal vassforsyning, og dermed ikkje lagt opp til brannvassuttak, er det vurdert til middels risiko. I situasjonar der det kan oppstå behov for sløkkevatn, vil ein då vera avhengig av tankbil og eventuelt uttak av vatn direkte frå nærliggande vassdrag/sjøvatn.

I område kor planframlegget kan påverke vassforsyning til sårbare abonnentar er det kritisk viktig med sikringstiltak mot dette. Ein sårbar abonnent er ein abonnent som er kjenneteikna ved stor risiko for sjukdom eller andre alvorlege konsekvensar dersom det ikkje vert levert tilstrekkeleg vatn i eit vassforsyningssystem. Dette kan vera t.d. sjukeheim eller skule, samt gardsbruk med dyrehald.

Generelt vil det vera naudsynt å sikre mot leidningsbrot ved terrenginngrep i område med kommunal vassleidning, både for å sikre mot stopp i vassforsyning og ei eventuell forureining av drikkevatnet. Tosidig forsyning reduserer risikoen for stopp i vassforsyning, men det er likevel ein fare for forureining.

### 3.6. Sjekkliste for ROS-analysen

Sjekkliste som er nytta i ROS- analysen er vist under. Ulike tema som vert omtala er naturrelatert risiko, risiko relatert i verksemder, beredskapsrelatert risiko, støy og ureining, sårbare objekt.

Kommentarar:

#### **Naturrelatert risiko:**

*Vind/ekstremnedbør:*

Heile kommunen ligg noko vindutsett til. Generelle klimamodellar syner lita endring i vindforhold fram mot år 2100. Det er fram mot år 2100 venta nedbørsendring på 20- 25% (miljøstatus). Det er viktig at det vert teke omsyn til lokale vindforhold og forsvarleg overvasshandtering ved nye tiltak.

*Skog/lyngbrann:*

Det er fare for dette i tørre og varme periodar, og faren for spreining aukar m.a. dersom vegetasjon får veksa til. Dersom det vert skogbrann, er det eit kommunalt ansvar å handtere dette.

#### **Risiko relatert i verksemder:**

*Dambrot:*

Det er knytt usikkerheit til korleis eit dambrot vil kunna utarte seg, men sikringstiltak rundt dammar skal hindre dambrot. Dette er ikkje gjort nærare greie for i analyseskjemaet. Ut frå dette er risikoen i skjemaet knytt til dambrot sett til grønt.

#### **Beredskapsrelatert risiko:**

*Uttrykkingstid for brannvesen (tida frå varsling er motteke til beredskap er på plass):*

Uttrykkingskøyrety har god tilkomst frå uttrykkingsstaden, uttrykkingstid på om lag 5-20 minutt.

*Uttrykkingstid for ambulanse (tida frå varsling er motteke til beredskap er på plass):*

Uttrykkingskøyrety har god tilkomst frå uttrykkingsstaden. Uttrykkingsstaden er Sogndal helsesenter, uttrykkingstid er varierende.

*Støy:*

Støyvarselkart utført av Statens vegvesen syner at langs riksvegen ligg storparten av arealet innanfor gul støysoner, mindre innan raud sone. Gul sone er vurderingssone, raud sone syner område som ikkje er eigna for støyfølsame bruksføremål.

Hending /situasjon		Risiko	Kommentar /tiltak
<b>Naturrelatert risiko:</b> Er planområdet utsett for naturrelatert risiko?			
1	Skred (snø-, is-, jord-, steinskred eller fjellskred)		
2	Flaum i vassdrag		
3	Stormflo		
4	Framtidig høgare havnivå og stormflonivå		
5	Vind, ekstremnedbør		
6	Skog /lyngbrann		
<b>Risiko relatert til verksemdar:</b> Er det i planområdet fare p.g.a. risiko relatert til verksemdar?			
7	Verksemdar med fare for brann eller eksplosjon		
8	Verksemdar med fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt ureining		
9	Transport av farleg gods		
10	Avfallsområde/Deponi/Ureina grunn		
11	Dambrot		
12	Elektromagnetiske felt		
13	Trafikkfare		
14	Skipsfart		
15	Risiko for vassleidningsbrot		
16	Fly/ helikopterulukke – ligg i område med ut/innflygingstrase		
<b>Beredskapsrelatert risiko:</b> Er området utsett for risiko knytt til beredskap og infrastruktur?			
17	Utrykkingstid for brannvesen		
18	Utrykkingstid for ambulanse		
19	Slokkevasskapasitet / vasstrykk		
20	Manglande alternativt vegsamband		
<b>Støy og ureining – kan tiltaket føra til:</b>			
21	Støy og vibrasjonar		
22	Ureining av luft, grunn eller drikkevasskjelde		
<b>Sårbare objekt:</b> Vil planframlegget påverka sårbare objekt i nærområdet?			
23	Helse- og omsorgsinstitusjonar		
24	Andre viktige offentlege bygg (brannstasjon/rådhus etc.)		
25	Natur		
26	Kulturminne		
27	Drikkevassforsyning		
28	Trafikknutepunkt		
29	El- forsyning		
30	Tunnelar og bruer		
31	Avlaup		
32	Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar		
<b>Samla vurdering, eventuelle alternativ, konklusjon:</b>			

## 4. KONSEKVENSGREIINGAR OG ROS-ANALYSE

Under vises dei nye tiltaksområda som er KU-utgreidd og ROS-analysert. I tillegg til gards- og bruksnummer, har kvart tiltak fått eit områdenamn.

### 4.1. Fatlaviki

Gid (grunnidentifikasjon): del av 24/184, 24/16, 24/230, 24/10, 24/42, 24/14, 24/37

Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk (utan omsynssone ras- og skredfare H310):

<p>Føremål i dag: <b>LNF, idrett, parkering</b></p>	<p>Føremål i framtid (vist med fargekode): <b>Gang- og sykkelveg (Pbl. § 11-7 nr 2 Samferdselanlegg)</b></p>
<p>Lengde: Om lag 1 km. Forslagsstillar: Leikanger kommune Skildring av området: Framtidig trasé for forlenging av gang- og sykkelvegen langs Rv. 5 retning Sogndal. Traséen er tenkt på oppsida av riksvegen frå avslutning av eksisterande g/s-veg ved Kløvi og fram til avkjørsla i Fatlaviki, det må sikrast trygg kryssing av veg. I området er det lauvskog og mykje ur.</p>	





**Konsekvensutgreiing for delområde Fatlaviki:**

Tema	Vurdering	Konsekvens
<b>Miljø- og naturressursar</b>		
Jord- og skogbruk	Sykkelvegen går gjennom områder som i Gårdskart er merka med lauvskog: høg bonitet og områder med lauvskog: impediment bonitet. I område er det litt vedskog og beite.	<b>0/-</b>
Biologisk mangfald	<p>Arealet råkar ein lokalitet registrert i Naturbase som rik edellauvskog med A- verdi. Nedste del av lokaliteten er skildra i Naturbase som eit av dei rikaste soppområda i fylket.</p> <p>Bygging av gang- og sykkelveg vil råke ein del av ein særst viktig naturtypelokalitet, og kunne gje negative verknadar for sopp i naturtypelokalitetens nedste del. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova §8 vert vurdert som tilstrekkeleg, og ved eventuell detaljregulering må det utførast nye feltregistreringar for terrestrisk naturmangfald innanfor nedste del av naturtypelokalitet Fatlaviki (BN00017507) som grensar mot vegen.</p> <p>Bygging av bru for gang- og sykkelveg over elva i aust vil kunne medføre fare for erosjon og endring av vasskvalitet og det fysiske habitatet i elvebotnen. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova §8 vert vurdert som utilstrekkeleg mht. det akvatiske naturmangfaldet.</p>	-
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Ingen registrerte kulturminneverdiar.	<b>0</b>
Strandsone og vassdrag	Innanfor 100 m beltet, men traseen ligg på oppsida av riksvegen.	<b>0</b>
Støy, forureining samt ureining av jord og vatn	Ny gang- og sykkelveg ligg i delvis gul (verdiar mellom 55-56 dBA) og raud (verdiar over 65 dBA) sone. ÅDT på Rv 55 langs aktuell strekning er 2200. Tiltaket fører ikkje til meir støy eller forureining. Det er ikkje registrert forureina grunn i området.	<b>0</b>
Landskapsbilete og grøntstruktur	Ein sykkelveg vil ta litt areal på oppsida av riksvegen og inngrepa vil verte synleg frå fjorden.	<b>0</b>
<b>Samfunn</b>		
Samfunnstryggleik	Utviding for framtidig samanhengande gang- og sykkelveg mellom Leikanger og Sogndal har positive tryggleiksskapande konsekvensar for alle trafikkantar. For å oppnå akseptabel tryggleik vil det vera naudsynt med tiltak for å unngå trafikkrelatert fare for trafikantane ved kryssing av riksveg framfor	-

	<p>Fatlatunnelen. Det må vurderast tiltak for å sikra akseptabel tryggleik på rasutsett veg på utsida av tunnelen (Sogndal kommune).</p> <p>I følgje NVE sine aktsemdskart er eit mindre område ved Fatlaviki utsett for flaum.</p> <p>Heile området ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for steinsprang og snøskred, og området ved Fatlaviki ligg innanfor aktsemdskart for jord- og flaumskred.</p> <p>Omtrent halve strekninga ligg innanfor NGI sitt kombinerte aktsemdskart for snøskred og steinsprang. NGI sine kart kan brukast til å avgrense aktsemdskart for snøskred i staden for NVE sine aktsemdskart.</p>	
Trafikkgenerering og samordna arealbruk	Ikkje ei aktuell problemstilling	0
Friluftsliv	Ein sykkelveg vil sikre trygg ferdsel for sykklistar i området. Lett tilkomst til turområde Bjørgahaug via Sanden. Bete tilgang til fiske /fiskebrygge og bading i Fatlaviki. Fatlaviki ligg som lokalt viktig friluftsområde.	+
Teknisk infrastruktur	Ikkje ei aktuell problemstilling	0
